

## Innkalling Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 07.03.2023

**Møtested:** Kommunehuset - kantina

**Møtetid:** 16:15 - 17:30

Møtet startar 16.15 med synfaring på Austrheim Arbeidssenter, oppmøte der.

På synfaringa deltek også:

- Frå administrasjonen kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy, einingsleiar Britt Silvia Erstad Marøy.
- Frå Austrheim kommunale eigedomsselskap styreleiar Solveig Lerøy, og styremedlem Ole Moen.

Andre saker:

- Skyss til Aufera (vedtak kommunestyret ligg som melding her)
- Teikningar skulebygg (etterlysing av teikningar ligg som melding her)

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no

Varamedlem møter berre etter nærmere innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
004/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
005/23	Godkjenning av møteprotokoll
006/23	Meldingar
007/23	Orienteringssak

Austrheim 3. mars 2023

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/282

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/282

### Godkjenning av møteprotokoll

**Vedlegg:**

**Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.02.2023**

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### Saksopplysninger:

## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 07.02.2023

**Møtestad:** Kommunehuset - kantina

**Møtetid:** 16:15 - 17:45

Saker for det første møtet i 2023:

- Drøfta/sjå på saker som må jobbast med i året som kjem.
- Arbeidssenteret
  - Gangveg-saka
  - Kommunens planar for personar med særlige behov
  - Andre ting som medlemmene tek opp

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef for helse og velferd, kjem for å orientera begge råda klokka 17.00.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalsleiar
Ivar Bergsvik	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Hege Ramsland	Varamedlem

---

#### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Hildegunn Færøy, Ketil Tjore

---

Austrheim 9. februar 2023

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/23	Godkjenning av møteprotokoll
003/23	Orienteringssak

## **001/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

## **07.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **RMNF - 001/23 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **002/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

## **07.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **RMNF - 002/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **003/23: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

## **07.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Odd Øksnes hadde komme med innspel til ein del saker, i tillegg var det innspel frå medlemmene.

Anny Bertelsen refererte NFU sitt arbeid med den nye nasjonale rettleiaren for "Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming". NFU har særleg jobba med kapittel 3 om "Personsentrerte og individuelt tilrettelagte tjenester". Her er det delt i "Skal, kan og bør"-deling av ulike tiltak, av det som kommunen skal tilby. Sjå lenka:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/gode-helse-og-omsorgstjenester-til-personer-med-utviklingshemming>

Austrheim arbeidssenter:

- Helge Dyrkolbotn ba om at ein la eit møte der borte for å sjå tilbodet på nært hald, med Britt Silvia Erstad Marøy som omvisar. Møtesekretæren undersøker med Britt Silvia Erstad Marøy om dette er mogleg tysdag 7. mars, og om styreleiar i AKE Solveig Lerøy kan delta.
- RMNF har tidlegare bedt om 500.000 kroner til vedlikehald av Arbeidssenteret, her vart det ikkje sett av noko midlar i samband med budsjettet for 2023. Bygget er no seld til Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE), så det er dei som står for vedlikehaldet.

SOR-konferansen:

- RMNF betalte kontingensten i 2022, men for 2023 er dette overført til budsjettet for helse og velferd (etter vedtak i kommunestyrets 15. desember 2022).
- Møtesekretæren sender ut tilgangsinformasjonen til medlemmene i rådet, elles er det slik at alle med austrheim.kommune.no-adresser kan laga seg brukar.

Tilbygg Årås skule:

- Mette Ekornrød etterlyste sjekk i forkant av byggeprosessen, med tanke på plassering av stikkontaktar, tilgang toalett, dører med meir. Leiar Odd Øksnes tar kontakt med prosjektleiariane Rolf Henning Myrmel og Stian Marøy for eit møte med gjennomgang av bygg og teikningar.
- Ivar Bergsvik etterlyste at rådet var teke med tidlegare i prosessen for å gje innspel til planar og teikningar. Her kommenterte Helge Dyrkolbotn at politikarane skulle vore meir frampå for å sikra at ein får desse sakene til høyring/uttale.
- Sjå elles Bufdir sin nasjonale rettleiar til råd for menneske med nedsett funksjonsevne, der det heiter at "kommunen eller fylkeskommunen må sikre at råda mottek alle relevante saker kor råda kan avgjera".

Seniorsenteret:

- RMNF ber om at det vert merka opp handicap-parkering ved Seniorsenteret og andre kommunale bygg, samt samfunnshuset. Møtesekretæren tar fram spørsmål som er sendt om dette tidlegare, og sender til einingsleiar teknisk drift Atle Vaage, samt til samfunnshuset.

Samfunnshuset:

- Branngryggleiken, er denne innanfor med tanke på alle? Møtesekretæren følgjer opp.

Ny kommunalsjef for helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, var invitert til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet for å presentera seg.

Viktige oppgåver framover:

- Skal lagast ein kommunedelplan for helse og velferd, det vert ei av hovudoppgåvene framover.
- Ei anna viktig oppgåve vert planane for eit nytt helsetun, der ein må starta med å kartlegga moglegheitene.
- Demensplanen er utarbeidd, men må til politisk handsaming.

- Jobbar med å rekruttera og halda på fagfolk innanfor sektoren, må ha ein strategi for å rekruttera unge til yrket og halda på dei, jobba for å gje dei som er i yrket fagbrev for dei som ikkje har det, samarbeida med skulane.
- Kommunen har frå nyttår ansvar sjølv før Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD), dette vert etablert på Nordliheimen. Var fram til nyttår lokalisiert som eit felles interkommunalt tilbod i Knarvik.

Spørsmål frå råda:

- Helge Dyrkolbotn spurte om Austrheim Arbeidssenter, med tanke på tilrettelegging for brukarane og vedlikehald av bygget. Greitt at det kanskje skal flyttast inn i Nordliheimen om det vert bygd nytt helsetun, men det må skje noko før det. Odd Oksnes viste til at det var tale om å flytta arbeidssenteret inn i leigde lokale som erstatning for dagens lokale, men at dette ikkje vart noko meir av. Anny Bertelsen viste til at de er statlege krav til kva ein kommune skal tilby av tenester. Færøy svara at det var litt tidleg enno til å svara om dette, etter ei månad som kommunalsjef, men noterte seg ulike moment.
- Anne Hildegunn Færøy vart invitert med på synfaringa med RMNF 7. mars på Austrheim Arbeidssenter.
- Gro Johannessen og Ivar Bergsvik etterlyste svar på dei spørsmål som Eldrerådet har sendt til kommunen, som Leve heile livet, hørselskontakt og deltaking i prosjektgruppe.
- Anne Hildegunn Færøy svara at noko måtte ho setja seg meir inn i. Plan for Leve heile livet eksisterer, men er noko ikkje noko prosjektgruppe her. Det som er på gang er arbeidet med "Gode pasientforløp", som er ein del av satsinga på Leve hele livet. Kan gjerne komma tilbake med rådet med informasjon om arbeidet med "Gode pasientforløp".
- Helge Dyrkolbotn viste til at det er viktig at kommunalsjefen tar med seg inn til leiargruppa at det er mange ulike saker som bør gå til RMNF og Eldrerådet for innspele og uttale, og fekk støtte frå fleire andre medlemmer i råda om at det er viktig at sakene kjem til råda for uttale.
- Ivar Bergsvik viste til at ein del andre kommunar har jamlege informasjonsrundar for å få vite om kva saker som er aktuelle.
- Ivar Bergsvik ba om at det vart sett av sakshandsamingsressursar for råda slik at ein kan jobba fram saksframlegg med vedtaksframlegg, og som kan passa på kva saker som er aktuelle.
- Anne Hildegunn Færøy svara at saksgangen må ho undersøka litt nærmare, men ser at det er viktig med brukarmedverknad og at råda får komma med innspele underveis i prosessane før saka kjem til kommunestyret for endeleg avgjerd. La til at det er viktig å få med seg kunnskapen frå råda, og oppmoda til å ta kontakt dersom det er noko ein ønsker å spela inn.
- Helge Dyrkolbotn ba om at det vart fastsett kven som har ansvar for desse to brukarråda, RMNF og Eldrerådet, med tanke på å få saker fram for dette rådet.
- Anny Bertelsen etterlyste informasjon om organiseringa av kommunen, med meir om innhaldet i "boksane" enn det som ligg på heimesida:  
<https://www.austrheim.kommune.no/SysSiteAssets/innhald/om-kommunen/organisasjonskart-austrheim-kommune-01.01.2023.pdf>
- Solveig Hopen spurte om leiarane i råda kunne sett seg saman og diskutert ulike saker som er aktuelle på tvers av råda.
- Solveig Hopen sa at det hadde vore bra med informasjon ut om kva som er stoda for planlegginga av eit nytt helsetun.

- Her svara Anne Hildegunn Færøy at kommunestyret skal setta ned ei prosjektgruppe for nytt helsetun, som skal jobba etter ein fastsett metodikk der ein ser på behovet som skal løysast, og så vidare planlegging ut frå det, med tanke på kvar det skal ligga, kven det skal brukast av og korleis det skal jobbast fram.
- Helge Dyrkolbotn viste til at gruppeleiaren har laga framlegg til ny utvalsmodell, og dessutan to ad hoc-grupper som skal sjå på høvesvis nytt helsetun og den vidare bruken av Nordliheimen etter at helsetunet er klart.
- Anny Bertelsen viste til at ein ikkje ser for seg at arbeidssenteret skal erstatta Aufera, men vera eit supplement.

Handsaming i rådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**RMNF - 003/23 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.  
Møtesekretæren følgjer opp dei sakene der det skal sendast brev/liknande.

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/282

### Meldingar

### Saker

Saksnummer	Tittel
006/23.1	Oppmerking av parkeringsareal
006/23.2	Spørsmål om branngleik
006/23.3	Svar om oppmerking av parkeringsareal (Austrheim samfunnshus)
006/23.4	Svar om oppmerking av parkeringsareal (kommunen)
006/23.5	Svar på spørsmål om branngleik
006/23.6	Spørsmål frå leiar i RMNF - Innsyn i kommunale byggesaker
006/23.7	Vedtak - Prinsippvedtak om skyss til Aufera

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

**Saksopplysninger:**



Atle Vaage

Dykkar ref.:

Vår ref.:

23/281 - 3 / KTJ

Dato:

22.02.2023

## Oppmerking av parkeringsareal

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har gitt møtesekretæren i oppgåve å følgja opp markering av parkeringsplassar, særleg med tanke på HC-parkering.

Har lagt ved ein e-post som vart sendt om dette i 2022. Her er det gjort ein del fleire stader, men det er noko som står att.

I tillegg er det spørsmål frå RMNF om markering av parkeringsplassar ved samfunnshuset.

Ta gjerne kontakt med brukargruppa i samband med oppteikning av HC-plassar. Det er ikkje berre nærleiken til inngangsdøra som er viktig, men også at det er plass til å manøvrera bilen til og frå plassen. Og at det er mogleg å stå flatt, slik at det ikkje vert ekstra bratt ned ei rullestolrampe.

Her er det som var oppe i møtet i RMNF tysdag 7. februar:

Seniorsenteret:

· RMNF ber om at det vert merka opp handicap-parkering ved Seniorsenteret og andre kommunale bygg, samt samfunnshuset. Møtesekretæren tar fram spørsmål som er sendt om dette tidlegare, og sender til einingsleiar teknisk drift Atle Vaage, samt til samfunnshuset.

Med helsing

Ketil Tjore

møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### Vedlegg:

Oppmerking av parkeringsareal

### Mottakere:

Atle Vaage, Austrheim

Samfunnshus

Austrheim Samfunnshus



Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM  
austrheim.kommune.no



56 16 20 00  
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823  
Bankkonto: 1594.11.80407



**Fra:** Ketil Tjore  
**Sendt:** mandag 23. mai 2022 09:38  
**Til:** Rolf Henning Myrmel; Stian Marøy  
**Emne:** Oppmerking av parkeringsareal

God måndag!

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har bedt meg (som møtesekretær) om å følgja opp merking av ulike kommunale parkeringsareal.

Delvis er dette stader der det er lite merking, eller at det ikkje er sett av eigne HC-plassar.

Reint konkret er det spurt om korleis parkering er tenkt merka opp ved:


- Austrheimhallen
- Skulane
- Barnehagane
- Seniorsenteret
- Kommunehuset
- Vardetangen
- Molo-kaien på Fonnes

RMNF har sitt neste møte tysdag 7. juni. De kan eventuelt svara til meg, så orienterer eg rådet.

Med vennleg helsing

**Ketil Tjore**  
Servicekontoret

Tlf.: 56 16 20 00 / 92 20 99 16  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.  
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.*

**Fra:** Atle Vaage  
**Sendt:** onsdag 22. februar 2023 19:43  
**Til:** Ketil Tjore  
**Emne:** SV: Oppmerking av parkeringsareal

Hallo

Legg inn ein huskelappe til meg sjølv litt ut i april, det må vera tørt og kosta før det kan merkast. Har forstått at drift har eigen merkemaskin.

Må høyra med Arild kva dei eventuelt allereie har planlagt, har ikkje fått noko info om det her.

Mvh Atle

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ketil Tjore <[ketil.tjore@austrheim.kommune.no](mailto:ketil.tjore@austrheim.kommune.no)>

Sendt: onsdag 22. februar 2023 16:39

Til: Atle Vaage <[atle.vaage@austrheim.kommune.no](mailto:atle.vaage@austrheim.kommune.no)>

Emne: Oppmerking av parkeringsareal

Sjå vedlegg

**Fra:** Kristin Hopland <kristin.hopland.kh@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 23. februar 2023 15:18  
**Til:** Ketil Tjore  
**Kopi:** amarho@broadpark.no; austsamf@gmail.com; Kjell Håkon Pedersen;  
kristian\_rebnord@yahoo.no; hardpe@online.no; helgeystebo@gmail.com  
**Emne:** Re: Oppmerking av parkeringsareal

**Oppfølgingsflagg:** Flag for follow up  
**Status for flagg:** Flagget

Hei Kjetil  
Trenger litt info fra deg. Hvem er i brukergruppen som vi kan kontakte da?  
MVH  
Kristin Hopland  
Leder i styret for Austrheim Samfunnshus

tor. 23. feb. 2023 kl. 11:09 skrev <[austsamf@gmail.com](mailto:austsamf@gmail.com)>:

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ketil Tjore <[ketil.tjore@austrheim.kommune.no](mailto:ketil.tjore@austrheim.kommune.no)>  
Sendt: onsdag 22. februar 2023 16:39  
Til: [austsamf@gmail.com](mailto:austsamf@gmail.com)  
Emne: Oppmerking av parkeringsareal

Sjå vedlegg

Austrheim Samfunnshus

Dykkar ref.:

Vår ref.:

23/281 - 4 / KTJ

Dato:

22.02.2023

## Spørsmål om branngleik

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har gitt møtesekretæren i oppgåve å følgja opp eit spørsmål kring branngleiken ved Austrheim samfunnhus.

Spørsmålet er særleg aktuelt for rullestolbrukarar eller andre med redusert mobilitet, mellom anna med tanke på plass i korridor for alternativ rømmingsveg, og dørkarm/kant for rømming på baksida.

RMNF ønskjer svar frå samfunnshuset med dokumentasjon av dagens status, og om det er vurdert forbetringar.

Med helsing  
Ketil Tjore  
møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Mottakere:**

Austrheim Samfunnshus



Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM  
[austrheim.kommune.no](http://austrheim.kommune.no)



56 16 20 00  
[post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)



Føretaksreg.: 948350823  
Bankkonto: 1594.11.80407

**Fra:** Kristin Hopland <kristin.hopland.kh@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 23. februar 2023 12:12  
**Til:** Ketil Tjore  
**Kopi:** Austrheim samfunnshus; amarho@broadpark.no; Kristian Rebnord; Magnus Kvingedal; Helge Ystebø; Hardy Pedersen; Kjell Pedersen  
**Emne:** Re: Spørsmål om branngleik  
**Vedlegg:** 2205 ÅK Brann Austrheim Samfunnshus for 2022.pdf

Hei Kjetil

Her vedlegget til Branntilsynet sin rapport fra Pettersson og Gjellesvik.

Utover dette har vi ikke gjort noen vurderinger på ytterligere forbedringer.

Om RMNF ønsker å ta en gjennomgang med oss for å se på dette må de bare ta kontakt.

Det bør da være representanter fra kommunen som har kompetanse på dette området som kan bistå oss i Styret for Samfunnshuset på dette med, om de ønsker en befaring.

MVH

Kristin Hopland

Leder i styret Austrheim Samfunnshus

tor. 23. feb. 2023 kl. 11:08 skrev <[austsamf@gmail.com](mailto:austsamf@gmail.com)>:

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ketil Tjore <[ketil.tjore@austrheim.kommune.no](mailto:ketil.tjore@austrheim.kommune.no)>

Sendt: onsdag 22. februar 2023 16:49

Til: [austsamf@gmail.com](mailto:austsamf@gmail.com)

Emne: Spørsmål om branngleik

Sjå vedlegg



Kontrollrapport  
**Årskontroll Brann**

Austrheim Samfunnshus SA

Austrheim Samfunnshus

Årås, Austrheim Samfunnshus

Utført: 09.05.2022

---

Kontrollør: Tom Andre Tysse (Tlf: 93416618 E-post: [tomtysse@pg-elektro.no](mailto:tomtysse@pg-elektro.no))  
Kontrollnummer: 2205



# Oversikt

Austrheim Samfunnshus SA  
Austrheim Samfunnshus



## Avvik

	3 - HASTER	2 - Må utbedres	1 - Bør utbedres	Annet	Lukket	Åpne
Hele bygget	0	0	0	0	0	0
Austrheim Samfunnshus	0	0	0	0	0	0
<b>Totalt antall avvik</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Kontrolldokumentasjon

Det er registrert én sjekkliste

## Vedlegg

Brannalarmanlegg  
Brannalarmsentral  
Overføringer

# Kontrolldokumentasjon

Austrheim Samfunnshus SA  
Austrheim Samfunnshus



## Hele bygget, Austrheim Samfunnshus

Prosedyre	Status
<strong>BR0 DOKUMENTASJON</strong>	
Er brann-dokumentasjon ok?	OK
Er branntekniske tegninger oppdatert?	OK
Er orienteringsplanen på plass?	OK
<strong>BR5 BRANNVARSLING</strong>	
Er brannvarslingen ok?	OK
Er brannalarmanlegget etter gjeldende forskrifter?	OK
Er installasjons- og koblingsmateriell tilhørende brannalarmanlegget tydelig merket, iht. NS 3960?	OK
Er kontrollmerke for inneværende år signert av utførende tekniker og plassert lett synlig på sentral eller betjeningspanel?	OK
Er kontrolljournal gjeldende for branninstallasjonen ok, iht. NS 3960?	OK
Er batterispennin med belastning ok?	OK
Er sentralutstyr for brannalarmanlegget ok?	OK
Viser betjeningspanel for brannalarmanlegg normal drift?	OK
Er batteripakkens levetid for brannalarm innenfor oppgitt levetid?	OK
Er branninstallasjonens alarmfunksjon ok iht. NS 3960?	OK
Står brannalarmsentralen i normal drift?	OK
Fungerer feilalarm på brannalarmssentralen?	OK
Er overføring til/fra brannalarmanlegget testet og ok?	OK
Er kabler for brannalarmanlegget forsvarlig festet?	OK
Er kabler for brannalarmanlegget fri for skader?	OK
Er detektorer, meldere, alarmorgan mv. for brannalarm ok?	OK
Er detektorer for brannvarslingsanlegget riktig plassert?	OK
Er avstanden mellom detektorer og stablet gods, lagerreoler osv. minimum 0,5 m, iht. NS 3960?	OK
Er detektor for brannalarm forsvarlig festet?	OK
Er branndetektorene fri for skade?	OK
Er detektorer fri for maling eller annen overflatebehandling, iht. NS 3960?	OK
Er detektorer for brannalarm riktig plassert?	OK
Er detektorer plassert minimum 0,5 m fra vegg, iht. NS 3960?	OK

# Kontrolldokumentasjon

Austrheim Samfunnshus SA  
Austrheim Samfunnshus



Pettersson &  
Gjellesvik

## Hele bygget, Austrheim Samfunnshus

Prosedyre	Status
Er detektorpunkter/sokler merket, iht. NS 3960?	OK
Er branndetektorer fri for tildekninger?	OK
Er samtlige manuelle meldere testet og ok, iht. NS 3960?	OK
Er de manuelle melderne til brannalarmanlegget montert lett tilgjengelig?	OK
Er manuelle meldere merket, iht. NS 3960?	OK
Fungerer alarmklokkene og høres de over alt?	OK
Er flashlight testet og ok?	OK
Er klokkedekning for brannalarmanlegget ok?	OK

# Brannalarmanlegg

Austrheim Samfunnshus SA

Austrheim Samfunnshus

Hele bygget, Austrheim Samfunnshus



Pettersson &  
Gjellesvik

Utstyr	Fabrikat	Type	Antall	Plassering
Sentral	Eltek	Delta Quad	1	Kjøkken 1.etg
Undersentral				
Betjeningsterminal				
Brannmannspanel				
Røykdetektorer	Eltek	Quad Smoke Detektor	13	
Multikriteriedetektorer	Eltek	Quad Multi Sensor	7	Ny montert i møterom 01.027
Varmedetektorer				
Manuelle meldere	Eltek	Manual Call Point	7	
Sprinkleranlegg				
Aspirasjonsanlegg				
Annен deteksjon				
Klokker				
Summer				
Sirener				
Blitz				
Annen varsling				
Dørholdemagneter				
Signal inngangen				
Signal utgangen				

# Brannalarmsentral

Austrheim Samfunnshus SA

Austrheim Samfunnshus

Hele bygget, Austrheim Samfunnshus



Pettersson &  
Gjellesvik

**Risikoklasse:**

**Nettspenning (Volt):** 230

**Ladespenning (Volt):** 26.96

**Antall batterier:** 2

**Målt batterikapasitet  
(Ah):**

**Plassering av  
batterier:** Sentral

**Sentraltype:** Eltek

**Batteri alder:** 2022

**Batterikapasitet (Ah) :** 7

**Minimum  
batterikapasitet (Ah)** :

**Strømtrekk:**

# Overføringer

Austrheim Samfunnshus SA  
Austrheim Samfunnshus  
Hele bygget, Austrheim Samfunnshus



## Informasjon

<b>Sendertype:</b>	Safetel (addsecure)	<b>Montert:</b>	Ukjent
<b>Batteri:</b>	Ja	<b>Batteri alder:</b>	Ukjent
<b>Overføringstype:</b>	2g	<b>Utganger i bruk:</b>	2
<b>GSM nummer:</b>	41855353	<b>MAC nummer:</b>	
<b>Plassering:</b>	Kjøkken	<b>Ekstra antenne:</b>	Nei
<b>Må denne skiftes:</b>	Ja		

**Fra:** Ketil Tjore  
**Sendt:** fredag 3. mars 2023 11:01  
**Til:** Bjørnar Fjellhaug; Rolf Henning Myrmel  
**Kopi:** Ann Kristin Leirvåg; Anny Helene Bertelsen (annber49@yahoo.no); Elsa Skare - e.skare@online.no; Gro Vigdis Johannessen; Haldis Lillian Dyrnes; Hege Ramsland; Helge Dyrkolbotn; Ivar Bergsvik; Ketil Tjore (ketil.tjore@austrheim.kommune.no); Marita Terese Bru (marita.bru2209@gmail.com); Mette Ekornrød (me.eko@hotmail.com); Odd Sigvald Øksnes (odd-oeks@online.no); Terje Utkilen (terjeu@broadpark.no)  
**Emne:** Spørsmål frå leiar i RMNF - Innsyn i kommunale byggesaker

Til Austrheim kommune  
v/ Kommunedirektøren.

RMNF har etter lova innsyn og rett til å gi uttale i samband med planlegging av bygg i kommunen.

Dette ser eg ikkje har skjedd når det gjeld ombygging og tilbygg av Årås og Kaland skular. Eg er blitt kjend med teikningar for tilbygg ved Årås skule. Der er det ting som eg meiner ikkje er godt nok ivaretakne med omsyn til personar som må nytta rullestol.

**Saka vil bli teken opp på første møte i RMNF den 7. mars.**

Vil be om at nødvendige teikningar vert gjort kjende for rådet før møtet.

*Ber hermed sekretær Ketil Tjore senda dette skrivet til:*

Kommunedirektøren  
R H Myrmel  
Alle medlemmene i RMNF

Med helsing  
Odd Øksnes  
leiar for RMNF

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/23	Kommunestyret	PS	16.02.2023
Sakshandsamar		Arkiv	ArkivsakID
Anne Hildegunn Færøy		FA-F11	23/207

### Prinsippvedtak om skyss til Aufera

#### Vedlegg

Svar Arbeidssenter - køyring

Innspel TV og VO teknisk drift og Vestlia

#### Framlegg til vedtak:

- Kommunestyret avviklar ordninga med at personar som har innvilga varig tilrettelagt arbeid ved Aufera får tilrettelagt transport til og frå arbeid på eit generelt grunnlag, slik det har vore tradisjon for dei siste åra. Ordninga skal opphøyre når anna løysing er godkjent av kommunestyret
- Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida forslag til ei løysing som sikrar at brukarar med behov for tilrettelagt transport til og frå Aufera vert vurderte ut i frå individuelle behov. Transport er ei teneste som kan søkjast om på lik line med andre kommunale tenester.

Austrheim kommune opprettheld skysstilbod for personar med varig tilrettelagt arbeid ved Aufera. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide organiseringa av transporten. Inntil offentleg kollektivtilbod vert tilfredstillande for våre ansatte ved Aufera må kommunen ta ansvar for transporten.

Saka vert utsett og skal sendast til RMNF for handsaming der først.

#### Kommunestyret - 006/23 - 16.02.2023

#### KS - behandling:

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er mange moment i denne saka. Austrheim viste til at dei som bur ved Mastrevik Torg som skal reisa med buss til Manger må starta klokka 06.50 frå Mastrevik, er på Nordanger 07.05, på Marås 07.30 for skifte av buss, der det er 24 minuttar å

venta utan busskur i all slags ver, og er så framme på Manger 08.00. Arbeidsdag til 14.30, men bussen går ti på halv. På returnen er det 42 minutt å venta på Marås, og etter ein runde på Nordanger er ein framme på Mastrevik 15.55. (Ordførar Per Lerøy (Ap) skaut inn at det var busskur på Marås, men det er på feil side av vegen).

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at saka bør utsetjast og sendast til RMNF for handsaming der, og viste til at saker som angår denne gruppa skal handsamast i dette rådet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein er klar over status for busstilbodet. Om vedtaksframlegget viste Fjellhaug til at tilboden ikkje skal opphøyra før ein har eit anna tilbod på plass. Ba om at kommunestyret gjer vedtak slik at kommunedirektøren kan starta arbeidet med å sjå på andre løysingar. Vil ta runden med saka via råda før ein gjer endeleg vedtak om ei ny løysing. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er sagt i vedtaksframlegget at ordninga skal vara til ny løysing er på plass. Om busstilboden viste Lerøy at det er spelt inn til Skyss at ein ønskjer seg endringar i det eksisterande tilboden.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at det vart stemt over utsetjingsframlegget, og at om det fell så har KrF eit anna framlegg til vedtak.

#### Avrøyting om utsetjingsframlegget:

KRF (3), SP (2) og Bygdelista (1) røysta for utsetting, dette framlegget fall med 6 mot 10 røyster (Høgre og Ap røysta samla for). (16 representantar møtte i kommunestyret, mot normalt 17, Sp mangla ein av sine 3 representantar)

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram framlegg til vedtak som alternativ til kommunedirektøren:  
*Austrheim kommune opprettheld skysstilbod for personar med varig tilrettelagt arbeid ved Aufera. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide organiseringa av transporten.*

*Inntil offentleg kollektivtilbod vert tilfredsstillande for våre ansatte ved Aufera må kommunen ta ansvar for transporten.*

#### Handsaming i kommunestyret:

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre. Framlegget frå Helge Dyrkolbotn fekk støtte frå KrF (3), SP (2) og Bygdelista (1). Det fall dermed med 6 mot 10 røyster, der Høgre og Ap støtta kommunedirektøren. (16 representantar møtte i kommunestyret, mot normalt 17, Sp mangla ein av sine 3 representantar)

#### KS - vedtak:

- Kommunestyret avviklar ordninga med at personar som har innvilga varig tilrettelagt arbeid ved Aufera får tilrettelagt transport til og frå arbeid på eit generelt grunnlag, slik det har vore tradisjon for dei siste åra. Ordninga skal opphøyre når anna løysing er godkjent av kommunestyret
- Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida forslag til ei løysing som sikrar at brukarar med behov for tilrettelagt transport til og frå Aufera vert vurderte ut i frå individuelle behov. Transport er ei teneste som kan søkjast om på lik line med andre kommunale tenester.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Kommunestyret fatta i 2019 vedtak om at kommunen framleis skulle ha køyring til AUFERA. Rådmannen hadde den gong lagt inn framlegg om at køyringa skulle avviklast i samband med

budsjettprosessen. Kommunestyret gjorde i KS 086/19 slikt vedtak:

*«Rådmannen får i oppdrag, i samarbeid med brukarane og Aufera, å organisere eit tilfredsstillande skysstilbod til våre arbeidstakarar på Aufera. I tillegg ber ein om ei vurdering av det generelle transportbehovet i kommunen»*

Opplysningar i saka:

- 8 personar i Austrheim kommune har vedtak om tilrettelagt arbeidsplass (VTA) på Aufera.
- Austrheim kommune har sidan før 2019 organisert køyring til og frå Aufera mandag, onsdag og fredag for 6 av desse arbeidstakarane.
- Tysdag og torsdag nyttar nokre av dei same brukane offentleg transport/buss til og frå Aufera.
- Kommunen har organisert køyringa ved at tilsette i eining for Arbeid og inkludering og tidvis ved at tilsette i eining for Plan/bygg har køyrt kommunal bil til og frå Aufera.
- På dagar då det av ulike årsaker ikkje er mogeleg å nyitta den kommunale bilen til transport, må kommunen ta kostnadene med å nytte taxi til og frå Aufera. Dette er kostnader som det ikkje er budsjettert for.
- Bilen som vert nyitta til å køyra til Aufera er kjøpt inn for å køyra personar med demens sjukdom til dagtilbod ved Dagsenteret, og er soleis ikkje Arbeid og inkludering sin bil. Uforutsette hendingar kan oppstå under transport. Dette har ført at bilen har komme for seint tilbake til Austrheim, slik at dei som skal nyitta bilen til å hente brukarar til dagavdelinga må nyitta privat bil til henteoppdrag.
- Tilboden og organisering av køyringa er ikkje gjort på bakgrunn av ei vurdering om individuelt behov for tilpassa transport.
- Verneombod og tillitsvalde har meldt bekymringar knytt til ordninga som sak til AMU 27.10.2022 (sjå vedlegg)

## Vurdering

Tilbod om tilrettelagt transport til og frå Aufera bør vere gitt ut i frå ei individuell vurdering og etter nokre fastsette prinsipp for ei slik teneste.

Fleire av brukarane nyttar offentleg transport til og frå Aufera tysdag og torsdag. Det bør vurderast om dei same brukarane kan nyitta offentleg transport dei andre dagane i veka.

Austrheim kommune bør vurdere å innføre tilrettelagt transport til og frå Aufera som eit kommunalt servicetilbod som kan søkjast på, og som skal vurderast ut i frå den enkelte brukar sine behov.

For å planlegge for ei slik ordning kan det vere nyttig å sjå løysingar i andre kommunar, t.d. Askøy kommune si Transportordning ved varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med behov for tilrettelagt transport til og frå arbeidsplassen.

Det må vurderast om eit slikt servicetilbod/transporttilbod skal organiserast som eit tilbod der tilsette i kommunen ivaretar transporten med bruk av kommunal bil, eller om kommunen skal inngå avtale med privat transportteneste.

## **Konklusjon**

- Kommunestyret avviklar ordninga med at personar som har innvilga varig tilrettelagt arbeid ved Aufera får tilrettelagt transport til og frå arbeid på eit generelt grunnlag, slik det har vore tradisjon for dei siste åra. Ordninga skal opphøyre når anna løysing er godkjent av kommunestyret
- Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida forslag til ei løysing som sikrar at brukarar med behov for tilrettelagt transport til og frå Aufera vert vurderte ut i frå individuelle behov. Transport er ei teneste som kan søkjast om på lik line med andre kommunale tenester.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/282

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger: